

Den dyktige artisten Renate Haugs Madsgård(31) opptrer under den store kundefesten som vert arrangert utanfor Spar førstkommande lørdag. Det vert det spennande musikalske innslaget i det store og varierte programmet som vil føregå i og rundt teltet som vert sett opp utanfor butikken.

Renate viste seg tidleg som eit stort artist-talent. I 19 år har ho framført både cover-låtar og eigenprodusert materiale. Både tekst og melodi til sin første låt laga ho allereie som 14-åring. Etter det har ho utvikla seg til ein populær artist og songwriter med eit stort publikum, også utanfor Kvinnherad.

Dei mange store opplevingane ho har hatt som artist, er bevis på at ho er dyktig, og populær blant publikum. Vi nemner noko av det her:

Ho deltok i Idol i 2003. Det var første sesong for programmet, og det året Kurt Nilsen vann.

Ho vann NM i country for soloartistar 2006.

Ho vart nr.14 i X-factor 2009.

Ho var med i The Voice i år, men måtte trekkja seg. Grunnen var at alle som deltok var forplikta til å inngå ein 3-årig platekontrakt med plateselskapet Universal Records. Det kunne ikkje Renate då ho alt hadde kontrakt om plateutgiving med plateselskapet ABC Tunes som er tilknytta velrenomerte ABC Studio i Etne. Dette selskapet står bak alle Vamp sine plateutgivingar. I tillegg har dei kjende namn som Bjørn Eidsvåg, Morten Abel og Espen Lind på artistlista si.

No er plata til Renate klar, og den vert Norges-lansert i nær framtid. Endeleg dato er ikkje sett foreløpig, men truleg kjem det ut ein CD-singel eller to, før plata kjem.

Plateutgjevinga gjer det ekstra spennande å høyre denne lokale artisten når ho opptrer lørdag. I tillegg vert det mykje spennande på programmet under festen m.a. mange artige konkurransar med flotte premiar. Spar spanderer betasuppe, pølse med brød, flott festkake og kaffi. Det vert demonstrasjon som kan vera til inspirasjon for matlaginga.

Det er mykje kjekt i vente. Og medan vi ventar, kan vi kosa oss med nokre sjølvlaga låtar av Renate. Det er berre til å klikke på dei nedanfor.

[I need some time](#)

[Try to stop me](#)

[More than I could](#)

Tekst: Thor Inge Døssland.